

RESOLUSJON

Kort studentmobilitet

Vedteken av Studenttinget 31.01.21

- 1 For å auke antalet studentar som reiser på utveksling ønsker regjeringa å opne opp for at
- 2 korte mobilitetsopphald skal gje utteljing i statistikken over utveksling og i
- 3 finansieringssystemet til UH-sektoren. Eit kort mobilitetsopphald er eit opphald i utlandet
- 4 som varar mellom 1 og 3 månadar. Til no er det berre opphald som varar over 3 månadar
- 5 som har gir utteljing.

- 6 Det å gi utteljing for korte mobilitetsopphald vil være til fordel for utdanningsinstitusjonar
- 7 med profesjonsutdanningar, då desse slit med å få studentar til å reise ut. På denne måten
- 8 kan man lettare nå målet om at 50% av alle studentar skal ha vært på et utanlandsopphald i
- 9 løpet av si studietid.

- 10 Eit kort mobilitetsopphald i utlandet kan ha stor effekt for ein student. Det kan også
- 11 motivere studenten til å gjennomføre eit lengre utanlandsopphald seinare i sitt studie.
- 12 Moglegheita til å reisa på kortare mobilitetsopphald kan også gjere at studentar som er i ein
- 13 situasjon i livet der dei ikkje kan reise på lengre opphald til utlandet får moglegheit til å
- 14 tileigne seg internasjonale erfaringar.

- 15 [Studenttinget på Vestlandet meiner at:](#)

- 16
 - ▶ Korte mobilitetsopphald skal gje utteljing i finansieringssystemet til UH-sektoren og
 - 17 skal teljast med i statistikken over studentar som tar deler av si utdanning i utlandet.
 - 18 ▶ Høgskulen på Vestlandet skal leggje opp for fleire moglegheiter til å reise på korte
 - 19 mobilitetsopphald.